



Kommuneplanens samfunnsdel

2021-2033

Lom kommune



Lom



Innleiing

Kvar skal vegen for Lom gå dei neste åra? Gjennom plan- og bygningslova er det lovpålagd for alle kommunar å ha ein kommuneplan. Denne skal bestå av to delar: Samfunnsdel og arealdel. Det du les nå er samfunnsdelen.

Samfunnsdelen skal vere kommunen sitt overordna styringsdokument. Her skal overordna mål gå fram, både for utvikling av lokalsamfunnet og for kommuneorganisasjonen. Dette skal ligge til grunn for dei vala som kommunen gjer dei neste åra.

Der samfunnsdelen skal vere overordna, skal handlingsdelen gå i detaljer. I Lom er det økonomiplanen som er kommuneplanen sin handlingsdel, og i denne blir mål og verkemiddel konkretisert i gjeremål.

Saman skal desse styringsdokumenta gje retninga for lomssamfunnet og organisasjonen Lom kommune.

Denne planen er bygd opp kring satsingsområde, hovudmål og delmål. Dette er igjen knytt opp mot FN sine berekraftmål.



Bålkaffe på Hovde. Foto: Live Andrea Sulheim
Framsidefoto: Live Andrea Sulheim

Visjon

Ein visjon skal styre retninga på utviklings- og planleggingsarbeidet i kommunen. Visjonen skal vere noko som motiverer og som ligg langt der framme, som vi skal strekke oss etter.

Dagens visjon er "Lom – gjestfri og nyskapande"

Den var utarbeidd som ein del av kommuneplanen i 2007, og blir brukt saman med slagordet Kom til Lom.

Gjestfridomen skal omfatte dei som allereie er busette i kommunen, dei som ønskjer å busette seg her, tilreisande og turistar. Samtidig ligg det fire grunnverdiar til grunn i kommuneplanen frå 2016:


- Nyskapande i samfunnsutviklinga
- Trivsel i alle aldrar
- Lokal kultur og historie: Kunnskap og vidareføring
- Natur: Ivaretaking og bruk

Lom kommune ønskjer å sjå framover og følgje med på utviklinga i samfunnet. Gjennom denne revideringa av kommuneplanen sin samfunnssdel har det vorte tydeleg at det må leggast ned ein større innsats for å arbeide fram ein ny visjon, som også står i samanheng med grafisk profil og omdømmearbeid. Det er ønskjeleg å sette i gang dette arbeidet når ny samfunnssdel er vedteke.

Lom kommune er ikkje eineståande i sine moglegheiter, sine utfordringar, sin natur og kultur – vi står i konkurranse med mange andre kommunar som også treng fleire innbyggjarar, fleire barn og unge, kommunar som kan vise til verdifull og vakker natur og trivelege bygdesentrums.

Eit visjons- og omdømmearbeid vil kunne fornye korleis Lom framstår utad og forankre kva visjon vi skal arbeide mot.

Slik kan vi saman bygge laget Lom, og bli meir synlege både internt i kommuneorganisasjonen og utad mot lokalsamfunnet.



Realistisk planlegging

Dei langsiktige og overordna måla i distriktskommunar har i mange år vore retta mot vekst, auka innbyggartal og fleire arbeidsplassar. Dei seinare åra har praksisen imidlertid dreia seg mot ei meir realistisk form for planlegging, der utgangspunktet er realistiske framskrivingar og ellers dei føresetnadane kommunen faktisk har.

Denne kommuneplanen tek høgde for dreininga mot realisme, der fokuset er å ta vare på dei innbyggjarane og dei arbeidsplassane ein allereie har. Befolkningsnedgangen er reell. Det synkande talet på barn og unge og den aukande andelen eldre er ein realitet. Det er ein stor prosess å omstille kommunen sitt tenestetilbod og -nivå til denne framtida.

Kommunen skal planlegge for det realistiske og arbeide for vekst. Og: Det skal arbeidast godt for at Lom skal vere ein god plass å bu for dei som på ulike vis har tilhald her i dag.

Forvaltningsorganisasjonen er liten, med få personar som skal handtere mange ulike emne og område. Tilsette blir med dette generalistar, og det er avgrensa moglegheit til å sette av tid til langsiktige strategiar og omfattande faktagrunnlag. Nasjonal, regional og lokal samordning, forenkling og kommunale samarbeid blir derfor avgjerande for gode tenester i åra framover. Berekraft, i form av tilgjengelege menneskelege og økonomiske ressursar, må vere styrande for korleis kommunen skal organisere og tilby tenestene sine.



Synfaring ved Ulstjønne. Foto: Øyvind Pedersen

I korte trekk – Lom i dag

Folketal

Trenden over tid er klar: I Lom, som i heile regionen, blir vi færre innbyggjarar, ein større andel av befolkninga blir eldre og ein mindre andel er barn og unge. Mange flyttar til, men samtidig flyttar fleire ut. Antal yrkesaktive bak kvar pensionist vil i perioden 2020-2040 bli halvvert.

I sum fører denne befolknings-samansettinga til utfordringar som gjer det naudsynt med omstillingar. Endringane påverker korleis kommunen planlegg for framtida og korleis tenesteytinga skal utformast.

Også dei økonomiske rammene endrar seg etter folketalet og befolkningssamansetting, og teneste-tilbodet blir planlagd tilpassa dei framtidige behova.

Sysselsetting

Landbruk, reiseliv, varehandel og bygg/anlegg er dei bransjane som sysselset flest i Lom, utover offentleg sektor.

Mange arbeidsgjevarar har behov for fleire folk, men slit med å få tak i kvalifisert arbeidskraft. Dette er særleg tydeleg innafor yrkesfag. Lom har den lågaste arbeidsledigheten i Innlandet, og det er stort behov for å rekruttere folk fra utanfor kommunen. Arbeidsledigheten er på 0,4 % i 2022. Sysselsettingsandelen ligg likt som landsgjennomsnittet, men talet på sysselsette har gått nedover over tid.

Dei fleste arbeidstakarane i Nord-Gudbrandsdal arbeider i kommunen dei bur i, men mange jobbar også i nabokommunar.

Næringsliv

Næringsstrukturen i Lom og Nord-Gudbrandsdalen er prega av mange små og mellomstore bedrifter, der mykje av verdiskapinga blir att lokalt. Talet på bedrifter har auka dei siste åra. Det er likevel færre nyetableringar enn landsgjennomsnittet, og kommunen kan i liten grad tiltrekke seg etableringar som er arealkrevjande.

Lom har lange tradisjonar som reiselivsdestinasjon. Sjølv om skuldersesongane har styrka seg dei siste åra er juli den desidert største månaden med tanke på overnattingar og detaljhandel.

Det er 129 aktive jordbruksføretak i Lom, av dei er 113 husdyrprodusentar. Talet på aktive

jordbruksbedrifter har gradvis gått ned sidan 2000, og spesielt innan mjølkeproduksjon og svineproduksjon har det dei siste 20 åra vorte færre produsentar. Lom har store utmarksressursar som kan nyttast på ein berekraftig måte dersom høva ligg til rette for det.

Bygg, anlegg, transport og industri skaper viktige arbeidsplassar lokalt. Lom har mange bedrifter som er gode på tradisjonelt handverk, og som er etterspurde både regionalt og nasjonalt.

Dersom det blir lagt til dette for det så kan staduavhengige arbeidsplassar skape nye moglegheiter for distriktskommunar, også i Lom.

Aktivitet og fellesskap

Eit godt og variert tilbod på fritida fører for mange til ein god og betre kvardag med sosiale møte, fysisk aktivitet og trivnad.

Fleir brukshuset Utgard rommar symjebasseng, idrettshall og kultursal. Her held også delar av Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule til. Lom folkebibliotek driv litteraturformidling og kulturarbeid, og er ei viktig kjelde til både informasjon og inspirasjon.

Lom friviljugsentral har som målsetting å vera eit knutepunkt for friviljug innsats i nærmiljøet. Friviljugsentralen ønskjer å gje fleire høve til å delta på arrangement i bygda, heve statusen til dei friviljuge, og vere eit supplement til offentleg verksemd.

Dei mange laga og organisasjonane i Lom femnar barn og unge, vaksne og eldre. Aktiviteten som desse dagleg sørger for er gull verdt, også i eit folkehelseperspektiv. Barn og unge melder at dei manglar ein møteplass og at dei gjerne kunne tenkt seg eit breiare utval av aktivitetar. Lag og organisasjoner melder at dei gjerne skulle hatt ein felles møteplass og tettare kontakt med kommunen.

Alle dei nemnde her, frå folkebiblioteket til Utgard, friviljugsentralen og lag og organisasjoner har stor betydning for folkehelsa. Dei sosiale sidene ved deltaking i slike fellesskap og på slike møteplassar er særsviktige. Stor betydning har mange av dei også for folk sin fysiske aktivitet.



Samarbeid. Foto: Garmo barnehage



Vi ynskjer ein skule som er ein trygg plass for elevane, der vi har tilfredse, aktive og engasjerte elevar gjennom variert undervisning og elevmedverknad.

Lær barn
og unge naturglede – det
er sentralt for
fysisk og psykisk god helse.



Levekår

Tenestene innan sektorane helse og velferd, oppvekst og pleie og omsorg blir i dag kjenneteikna av trygge tilbod med god kvalitet. Framtidig utvikling av tenestene må ta høgde for den demografiske endringa, nasjonale føringar og reformar for tenesteyting og dei tilgjengelege ressursane i kommunen.

Utviklinga i befolkningssamsettinga medfører behov for effektivisering, prioritering og omlegging av det kommunale tenestetilbodet. Det er nødvendig å dreie både innsatsen og kapasiteten dit behovet for tenester aukar. Fleire oppgåver må løysast på andre måtar og med mindre ressursar. Dei økonomiske rammene endrar seg etter folketalet og nivået på tenestene må vurderast opp mot behova dei skal løyse og mot økonomisk rammer.

Teknologi må takast i bruk innafor alle ansvarsområde i kommunesektoren der det er hensiktsmessig.

For å realisere størst mogleg effekt og gevinstar, må det tenkast nytt om organisering av tenestene, endring av arbeidsprosessar og oppgåve- deling mellom yrkesgrupper.

Rekruttering til ledige stillingar er utfordrande og tiltak for å auke attraktivitet og tiltrekke seg kompetent arbeidskraft vil vere eit viktig satsingsområde.

Ei heilsakleg utvikling av tenesteområda oppvekst, helse og velferd og pleie og omsorg krev at tenestene blir samordna og utnyttar ressursar og kompetanse på tvers av

tradisjonelle siloar. I dette samarbeidet er kommunen avhengig av gode utviklingspartnarar i form av akademia, regionale og nasjonale støttespelarar.

Førebyggjande og tidleg innsats som er samordna rundt familien er avgjerande for å dempe/redusere veksten i behov. Ein god barndom legg grunnlaget for eit godt liv, og bringast vidare gjennom generasjonar.

Å gi barn eit best mogleg utgangspunkt for å meistre kvardagen og vaksenlivet er ei av kommunen sine viktigaste oppgåver. Utjamning av sosial ulikhet er viktig både for den enkelte innbyggjar og for stabiliteten i lokalsamfunnet.

Kommunen må etablere eit godt samspel med friviljuge og pårørande for å bidra til livsmeistring for innbyggjarar som treng det.

Innbyggjarane må stillast ovanfor tydelege forventingar om sjølv å måtte planlegge og gjere tilpassingar for å kunne bu heime lengst mogleg.

Klima og naturfare

Globale klimaendringar gjev også utslag lokalt og fører til at naturen kring oss responderer annleis ein før, knytt til mellom anna endringar i nedbør og temperatur.

I følgje klimaprofil for Oppland er det forventa at episodar med kraftig nedbør skal auke vesentleg både i intensitet og hyppighet i alle årstider, og ein større del av nedbøren vil kome som regn. Det kan ventast større flaumar i elver som er påverka av regnflaumar.

Det er venta at snøsmelting vil kome tidlegare på året, og sjølv om det er venta auke i sommarnedbøren er det sannsynleg at ein kan få lengre periodar med låg vassføring i elvene om sommaren, og lengre periodar med låg grunnvasstand.

Landbruket her er heilt avhengig av kunstig vatning, og tilstanden på breane i fjellet har stor påverknad for tilgangen på vatn.


I Lom er naturfare eit nærrast dagleg tema. Bratte dalsider og flaumutsette elver gjer oss eksponerte for naturkreftene.

Dette pregar korleis forvaltninga må utøve sine oppgåver. Dei siste åra har kommunen vore råka av fleire hendingar med konsekvensar for busetting, idrettsanlegg, næringsområde og landbruksareal.

Dersom breane blir mindre kan det gje store utfordringar for kunstig vatning. Topografi og naturfare gjer det utfordrande å finne til dømes nye næringsareal og bustadareal.

Den viktigaste påverknadsfaktoren for naturmangfaldet på land er

endringar i arealbruk. Inngrep som kvar for seg verker små kan i sum ha ein negativ påverknad på naturmiljøet. Sjølv om Lom har store verna areal så er omsynet til arealbruk og naturmangfold noko vi må ta med oss i planleggings- og utviklingsarbeidet.



Beredskap

Kommunane er underlagde føresegne i lov om kommunal beredskapsplikt. Føremålet med regelverket er å beskytte liv, helse, miljø, materielle verdiar og kritisk infrastruktur. I dette ligg det eit krav til kommunane om å ha ein plan for overordna beredskap og risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS).

Det blir jobba kontinuerleg med beredskapsfeltet på ulike måtar: Planverk for beredskapen, ROS-analyser i planar, arbeid i beredskapsråd, kriselening ved akutte hendingar og samordning av bidragsytarar. I beredskapsarbeid er friviljuge organisasjonar ofte ein vesentleg bidragsyta.

Ressursmessig er beredskapsarbeid stort og utfordrande for

ei generalistkommune som Lom. I regelverket blir det stilt same krav til små og store kommunar, samstundes må beredskapsarbeidet tilpassast dei lokale forholda.

Kommunen arbeider for å utnytte ressursane på best mogleg måte ved å ha felles beredskapskoordinator med Skjåk kommune.



Eleveredning, øving i Ofossen august 2021.

Foto: Lom og Skjåk brannvesen

Lom i verda

FNs berekraftmål

Berekraftig utvikling er ei utvikling som imøtekjem dagens behov utan å øydelegge moglegheitene for at komande generasjonar skal få dekt sine behov.

FN sine berekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030.

Regjeringa har bestemt at dei 17 berekraftmåla som FN har jobba fram, og som Noreg har sluttat seg til, skal vere det politiske hovudsporet vi skal følgje også i Noreg.

Desse berekraftmåla skal derfor vere ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga i Lom. Tolv av desse står fram som spesielt sentrale for Lom i åra som kjem. I tillegg har vi vald ut eit knippe av FNs delmål.

Lom kommune sine utvalde berekraftmål

2 Utrydde svolt

Utrydde svolt, oppnå mattrøygleik og betre ernæring, og fremje berekraftig landbruk.

3 God helse og livskvalitet

Sikre god helse og fremje livskvalitet for alle, uansett alder.

4 God utdanning

Sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremje moglegheiter for livslang læring for alle.

6 Reint vgn og gode sanitærforhold

Sikre berekraftig vassforvaltning og tilgang til vatn og gode sanitærforhold for alle.

7 Rein energi til alle

Sikre tilgang til påliteleg, berekraftig o moderne energi til ein overkommeleg pris for alle.

8 Anstendig arbeid og økonomisk vekst

Fremje varig, inkluderande og berekraftig økonomisk vekst, full sysselsetting og anstendig arbeid for alle.

10 Mindre ulikskap

Redusere ulikskap i og mellom land.

11 Berekraftige byar og lokalsamfunn

Gjere byar og lokalsamfunn inkluderande, trygge, robuste og berekraftige.

12 Ansvarleg forbruk og produksjon

Sikre berekraftige forbruks- og produksjonsmønster.

13 Stoppe klimaendringane

Handle omgående for å motarbeide klimaendringane og konsekvensane av dei.

15 Livet på land

Verne, attendeføre og fremje berekraftig bruk av økosystem, sikre berekraftig skogforvaltning, motverke ørkenspreiing, stanse og reversere landforringing og stanse tap av naturmangfold.

16 Fred, rettferd og velfungerande institusjonar

Fremje fredelege og inkluderande samfunn for å sikre berekraftig utvikling, sørge for tilgang til rettsvern for alle og byggje velfungerande, ansvarlege og inkluderande institusjonar på alle nivå.

Lom sitt bidrag

Gjennom å arbeide med kommunen sine eigne mål bidreg ein inn i løysinga av mellom andre desse av FNs berekraftmål:



2.4 Innan 2030 sikre at det finst berekraftige system for matproduksjon, og innføre robuste metodar som gjev auka produktivitet og produksjon, som bidreg til å halde oppe økosistema, som styrker evna til å tilpasse seg til klimaendringar, ekstremvêr, tørke, flaumar og andre katastrofar, og som gradvis fører til betre kvalitet på areal og jord.



3.8 Oppnå allmenn dekning av helsetenester, inkludert ordningar som vernar mot økonomiske konsekvensar, og allmenn tilgang til grunleggjande og gode helsetenester og trygge, verksame og naudsynte medisinar og vaksinar av god kvalitet og til ein overkomeleg pris.



4.1 Innan 2030 sikre at alle jenter og gutter fullfører gratis og likeverdig grunnskule og vidaregåande opplæring av høg kvalitet som kan gje dei eit relevant og reelt læringsutbyte.

4.2 Innan 2030 sikre alle jenter og gutter høve til god og tidleg utvikling og omsorg og tilgang til forskule, slik at dei er førebudde på å begynne i grunnskulen.



4.7 Innan 2030 sikre at alle elevar og studentar tileignar seg den kompetansen som er naudsynt for å fremje berekraftig utvikling, mellom anna gjennom utdanning i berekraftig utvikling og livsstil, menneskerettar, likkestilling, fremjing av freds- og ikkjevaldkultur, globalt borgarskap og verdsetting av kulturelt mangfold og det bidraget kulturen gjev til berekraftig utvikling.



6.4 Innan 2030 vesentleg betre utnyttinga av vatn i alle sektorar og sikre berekraftig uttak av og tilgang til ferskvatn for å bøte på vassmangel og i vesentleg grad redusere talet på personar som blir ramma av vassmangel.



6.6 Innan 2020 verne og byggje opp att vassrelaterte økosystem, inkludert fjell, skogar, våtmarker, elvar, vassførande bergartar og innsjøar.

7.2 Innan 2030 auke prosentdelen fornybar energi i det samla energiforbruket i verda vesentleg.

8.3 Fremje ein utviklingsretta politikk som støttar produktive aktivitetar, oppretting av anstendige arbeidsplassar, entreprenørskap, kreativitet og innovasjon, og stimulere til formalisering av og vekst i talet på svært små, små og mellomstore bedrifter, mellom anna ved å gje dei tilgang til finanzielle tenester.

Lom sitt bidrag forts.



8.9 Innan 2030 utarbeide og setje i verk politikk for å fremje ei berekraftig turistnærings som skaper arbeidsplassar og fremjar lokal kultur og lokale produkt.

10.2 Innan 2030 sikre myndiggjering og fremje sosial, økonomisk og politisk inkludering av alle, uavhengig av alder, kjønn, funksjonsevne, rase, etnisitet, nasjonalt opphav, religion eller økonomisk eller annan status.



11.1 Innan 2030 sikre at alle har tilgang til tilfredsstillande og trygge bustadar og grunnleggjande tenester til ein overkomeleg pris, og betre forholda i slumområda.

11.3 Innan 2030 styrke inkluderande og berekraftig urbanisering og leggje til rette for deltagande, integrert og berekraftig samfunnsplanlegging og forvaltning i alle land.

11.6 Innan 2030 redusere negativ påverknad på miljøet frå byar og lokalsamfunn (målt per innbyggjar), med særleg vekt på luftkvalitet og avfallshandtering i offentleg eller privat regi.

11 b) Innan 2030 oppnå ein vesentleg auke i talet på byar og i lokalsamfunn som vedtek ein integrert politikk og gjennomfører planar med sikte på inkludering, betre ressursbruk, avgrensing



av og tilpassing til klimaendringar og evne til å stå imot og handtere katastrofar, og dessutan utvikle og setje i verk eit heilskapleg system for risikostyring og katastrofehandtering på alle nivå, i tråd med Sendai-rammeverket for katastrofe-beredskap for 2015-2030.

12.2 Innan 2030 oppnå berekraftig forvaltning og effektiv bruk av naturressursar.

12.5 Innan 2030 redusere avfalls mengda vesentleg gjennom førebygging, reduksjon, attvinning av materiale og ombruk.

12 b) Utvikle og innføre metodar for å måle effekten av berekraftig reiseliv som skaper arbeidsplassar og fremjar lokal kultur og lokale produkt.

13.1 Styrke evna til å stå imot og tilpasse seg til klimarelaterte farer og naturkatastrofer i alle land.

15.4 Innan 2030 bevare økosystem i fjellområde, inkludert det biologiske mangfaldet der, slik at dei skal bli betre i stand til å yte viktige bidrag til ei berekraftig utvikling.

16.7 Sikre lydhøyre, inkluderande, deltagingsbaserte og representative avgjerdsprosessar på alle nivå.



GG

Vi bør marknadsføre
naturen og sjå den
«lomske» måten å leve
på som ein del av det
grøne skiftet.

Kva Lom skal vere om ti
år? Verdsleiande når det
gjeld bruk av fjella i
næringsSAManheng:
Fjellredning,
klimaforskning og
klimaturisme.

FF

Sentrum
Fossheim
Læshø - Ausa
Soleggen

Satsingsområda

Kommunen leverer tenester på eit breidt spekter av område. Kommuneplanen kan vise alt dette, men gjennom denne revideringa har det vore eit mål å tørre og ta val kring kva Lom skal konsentrere seg om i tida framover.

Å ta slike val betyr ikkje at ein ikkje skal levere gode tenester på alt det andre, men at ein tek bevisste val på kva det er ekstra viktig å arbeide med framover.

Gjennom innspelsrunder blant innbyggjarar, næringsliv, lag og organisasjonar, kommunestyret og tilsette i kommunen er det nokre tema som har peika seg ut. Dette er i kommuneplanen samla i tre satsingsområde som saman skal gje retninga for Lom i planperioden.



Berekraft

Om satsingsområdet berekraft

Klima og miljø er viktig for verda, Europa, Noreg og derfor også for Lom. Utslepp, forsøpling og nedbygging av natur og jordbruksareal bidreg til utfordringar både globalt og lokalt. Det blir stilt krav til verksemder og forvaltning for korleis planlegging og utvikling kan skje på ein mest mogleg miljøvenleg måte som tener naturen, oss og dei som kjem etter oss.

Berekraft handlar også om å sikre økonomisk tryggleik for menneske og samfunn. Økonomisk utvikling bør skje gjennom grøn vekst, som sikrar folk sine behov, og samtidig held seg innanfor det naturen tåler.

Berekraft knytest også til sosiale forhold. Alle menneske har rett på eit anstendig liv: Utdanning, anstendig arbeid, likestilling, kulturelt mangfald og godt helsetilbod.

HOVUDMÅL

1. I Lom kommune skal omsynet til klima og miljø ligge til grunn for forvaltnings- og utviklingsarbeid.
2. Lom kommune skal sørge for ei berekraftig forvaltning av økonomi og ressursar for å sikre gode tenester til innbyggjarane.
3. Lom skal vere eit sosialt berekraftig lokalsamfunn.



DELMÅL

1 I Lom kommune skal omsynet til klima og miljø ligge til grunn for forvaltnings- og utviklingsarbeid.

- 1.1 Det skal vere ein auka grad av gjenbruk og bruk av miljøvenlege materialar.
- 1.2 Energiforbruket i kommunen skal reduserast.
- 1.3 Graden av attvinning i den kommunale avfallshandteringen skal aukast.
- 1.4 Det skal utarbeidast klimarekneskap for den kommunale tenesteproduksjonen.
- 1.5 Lom skal behalde sin nasjonale posisjon innafor berekraftig reiseliv.
- 1.6 Lom skal behalde sin nasjonale posisjon innan berekraftig beitebruk i landbruket.
- 1.7 Det skal gjennomførast klima- og miljøtiltak i landbruket, og kommunen skal bidra regionalt for å redusere klimautsleppa frå transportsektoren.
- 1.8 Ei berekraftig rovviltforvaltning skal ta omsyn til beiteæringer.
- 1.9 Vi skal ha ei medviten haldning til forvaltning av areala i kommunen, som balanserer omsyna til bruk og vern.
- 1.10 Beredskapen skal styrkast for å takle større og hyppigare naturhendingar.
- 1.11 Kommunen skal beskytte og forvalte drikkevassressursane på ein trygg og god måte.

2 Lom kommune skal sørge for ei berekraftig forvaltning av økonomi og ressursar for å sikre gode tenester til innbyggjarane.

- 2.1 Lom kommune skal ha eit nivå på teneste-produksjonen i tråd med den demografiske utviklinga.
- 2.2 Kommunen skal ha eit nivå på investeringar som legg til rette for ein framtidsretta, effektiv og forsvarleg tenesteproduksjon.
- 2.3 Kommunen skal ha ei langsiktig forvaltning av kraftinntektene.
- 2.4 Kommunen skal ha ei berekraftig forvaltning og utvikling av den kommunale eigedomsmassen.
- 2.5 Kommunen skal utnytte handlingsrommet som ligg i tillitsreforma til å utvikle det kommunale sjølvstyret, og vi arbeider for mindre statleg detaljstyring og rapportering.
- 2.6 Kommunen skal utnytte moglegheitene som ligg i digitalisering for å utvikle tenester.
- 2.7 Bemanningsplanlegginga i kommunen skal legge til rette for at arbeidstakrar går i heile stillingar.

3 Lom skal vere eit sosialt berekraftig lokalsamfunn.

- 3.1 Lomssamfunnet skal vere kjenneteikna av at innbyggjarane har god tillit til samfunnet, kvarandre og forvaltninga.
- 3.2 I Lom skal det vere tilgang på arbeid, utdanning og gode nærmiljø.
- 3.3 Dei som bur i Lom skal føle at dei høyrer til i loms-samfunnet.
- 3.4 Kommunen skal arbeide for auka samfunnstryggleik, og innbyggjarane skal oppleve at det er trygt å bu i Lom.





GG

Det er viktig med
meiningsfylte aktivitetar
sjølv om ein ikkje er i
arbeid.

Vi må balansere heiltids-
kultur opp mot «det gode
liv» og fleksibilitet.

GG

Attraktivitet

Om satsingsområdet attraktivitet


2200 innbyggjarar har kvardagen sin i Lom. Eit godt kvarldagsliv heng tett saman med at ein har ein jobb ein trivst med og ein god plass å bu.

Som ei landbruks- og reiselivskommune er ein sårbar for svingingar og nedgangstider. Kommunen har svært avgrensa med næringsareal både i og utanfor sentrum, og vil per i dag i liten grad kunne tiltrekke seg arealkrevjande etableringar. Samtidig har Lom store sentrumskvalitetar, med storlått natur lett tilgjengeleg og ein felles jobbmarknad med nabokommunane. Staduavhengige arbeidsplassar kan gje store moglegheiter.

I næringslivet er det mange som ser lyst på framtida, men oppgir tilgangen til kvalifisert arbeidskraft, lønnsemd og forlenga sesong som det viktigaste for å lykkast.

HOVUDMÅL

4. Lom kommune skal støtte opp om eksisterande næringsliv og legge til rette for lokal verdiskaping, nyetableringar og heilårsarbeidsplassar.
5. Lom kommune skal vere ein attraktiv arbeidsplass der folk gjerne vil arbeide og vere over tid.
6. Lom skal vere ei god kommune å besøke, bu og drive næring i.
7. Lom kommune skal bidra til eit velfungerande og mangfaldig bustadtibod i samarbeid med andre aktørar.



DELMÅL

- 4 Lom kommune skal støtte opp om eksisterande næringsliv og legge til rette for lokal verdiskaping, nyetableringer og heilårsarbeidsplassar.**
- 4.1 Kommunen skal synleggjere og legge til rette for tilgjengeleg næringsareal og næringslokale.
 - 4.2 Kommunen skal legge til rette for nettverksbygging, informasjon, rådgjeving og støtteordningar til næringslivet.
 - 4.3 Kommunen skal stimulere til nytenking og utvikling i næringslivet, særleg innanfor digitalisering og det grøne skiftet.
 - 4.4 Kommunen skal samarbeide med nabokommunar om næringsutvikling.
 - 4.5 Kommunen skal stimulere til generasjonsskifte på gardane og jobbe for å auke rekrutteringa til landbruket.


- 5 Lom kommune skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar.**
- 5.1 Kommunen skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar med sterke og innovative fagmiljø.
 - 5.2 Det skal leggast til rette for kompetanseheving, utvikling og myndiggjering av arbeidstakarane i kommunen.
 - 5.3 Kommunen skal vere i front med å ta i bruk ny teknologi i tenesteutviklinga.
 - 5.4 Som arbeidsgjevar skal Lom kommune stimulere til samarbeid med fagmiljø i andre kommunar.
 - 5.5 Det skal praktiserast tillitsbasert styring og leiing i Lom kommune.
 - 5.6 Forholdet mellom folkevalde og administrasjonen i kommunen skal vere basert på tillit.

- 6 Lom skal vere ei god kommune å besøke, bu og drive næring i.**
- 6.1 Det skal arbeidast for at både arbeidsplassar og aktivitetstilbod i større grad blir heilårsbaserte.
 - 6.2 Lomssamfunnet skal tiltrekke seg folk med staduavhengig arbeidsplass.
 - 6.3 Kommunen skal saman med andre arbeide for ei positiv utvikling av tettstadane våre, med særleg fokus på Fossbergom og Lom sin status som nasjonalparklandsby og nasjonalparkkommune.
 - 6.4 Lomssamfunnet skal formidle alt det positive med å bu, besøke, arbeide og drive næring i Lom.
 - 6.5 Lom skal framstå som attraktiv som bustadkommune.



DELMÅL FORTS.

- 6.6 Lom kommune skal jobbe for betre infrastruktur, herunder eit velfungerande breiband- og telefontilbod og kollektivtilbod.
 - 6.7 Kommunen skal framstå samstemd og samarbeidsviljig i møte med næringsliv, lag og organisasjonar, innbyggjarar, tilflyttarar og gjestar.
 - 6.8 Kommunen skal legge til rette for gode arenaer for kultur og kulturformidling, og bidra til å forvalte og formidle den lokale kulturarven.
 - 6.9 Kommunen skal ha ein aktiv dialog med ungdom og unge vaksne om kva som skal til for at dei skal bli verande eller flyttande attende til Lom.
-
- 7 Lom kommune skal bidra til eit velfungerande og mangfaldig bustadtilbod i samarbeid med andre aktørar.**
 - 7.1 Kommunen skal bidra til at det blir enkelt å finne seg bustad til sal eller leige i Lom.
 - 7.2 Kommunen skal saman med andre aktørar arbeide for god tilgang på private og kommunale bustadomter, både sentrumsnære og i grendene, for ulike typar bustadar og målgrupper.
 - 7.3 Lom kommune skal legge til rette for kommunale bustadar som er tilrettelagde for den enkelte brukar sine behov.



66

Unge treng ein plass å vere:
Ungdomsklubb og
mekkekubb.

Eg trur at det å vere mykje ute
i naturen, i mest mogleg urørt
natur, har mykje å seie for god
helse og trivnad.

Vi ønskjer oss fleire ting å
gjere i friminutta på
ungdomsskulen. Husker og
klatrestativ og slikt.

Det er viktig med ei
bevisstheit om at alle her har
eit ansvar for å inkludere.

Sei hei! 55



Leve heile livet i Lom

Om satsingsområdet Leve heile livet i Lom

Noverande og komande nasjonale reformar og satsingar set krav til tenesteytinga i Lom kommune. Berekraft, i form av tilgjengelege menneskelege og økonomiske ressursar må vere styrande for korleis Lom skal utvikle, organisere og tilby tenestene sine.

Tenesteutviklinga skal kjenneteiknast av tidleg innsats, førebygging, kvardagsmestring, tverrsektorelt og tverrfagleg samarbeid, og koordinert oppfølging. Ein må koordinere innsats frå det som til no har vore frittståande sektorar. Oppvekst, helse og velferd, pleie og omsorg, næringsliv og friviljugheit må samarbeide for å skape dei gode og naudsynte tenestene

og rammene for befolkninga i Lom. Kommunen vil i arbeidet med tenestetilboda utvide satsingsområda i kvalitetsreforma Leve heile livet til å gjelde i eit livsløpsperspektiv.

HOVUDMÅL

8.

Lom skal vere eit inkluderande samfunn.

9.

Lom skal vere eit samfunn kjenneteikna av aktivitet og fellesskap.

10.

Lom skal vere kjenneteikna av helsefremjande aktivitetar og tiltak.

11.

Lom kommune skal ha tilpassa tenester.

12.

Lom kommune skal vere kjenneteikna av samanhengande tenester.



DELMÅL

8 Lom skal vere eit inkluderande samfunn.

- 8.1 Innbyggjarar skal planlegge eigne liv og alderdom.
- 8.2 Innbyggjarar skal kunne bidra i utviklinga av lomssamfunnet.
- 8.3 Kommunen skal samarbeide med friviljugheita og næringslivet.
- 8.4 Innbyggjarane skal få nytta ressursane sine.

9 Lom skal vere eit samfunn kjenneteikna av aktivitet og fellesskap.

- 9.1 Innbyggjarar skal oppleve gode møte med tilsette i Lom kommune.
- 9.2 Innbyggjarane i Lom får praktisere livssynet sitt og verdiane sine.
- 9.3 Lomssamfunnet skal vere kjenneteikna av generasjonsmøte.
- 9.4 Kommunen skal vere eit bindeledd/koordinator mot nærmiljø, familie og pårørende, friviljuge og andre i lomssamfunnet.
- 9.5 Lomssamfunnet skal vere kjenneteikna av sambruk og samlokalisering på tvers av aldersgrupper.

10 Lom skal vere kjenneteikna av helsefremjande aktivitetar og tiltak.

- 10.1 Det er ønskjeleg at innbyggjarar skal ha høg helsekompetanse.
- 10.2 Kommunen skal legge til rette for og fremje fokus på gode og sunne måltid.
- 10.3 Innbyggjarar skal ha gode moglegheiter for fysisk aktivitet.
- 10.4 Kommunen skal fremje god psykisk helse.
- 10.5 Innbyggjarar skal kunne ha verktøy for livsmeistring.



DELMÅL FORTS.

11 Lom kommune skal ha tilpassa tenester.

- 11.1 Kvardagsmeistring skal vere eit sentralt mål for tenestetilboda.
- 11.2 Tenestetilboda skal vere kjenneteikna av tidleg innsats og førebyggjande tiltak.
- 11.3 Alle skal ha ein god plass å bu.
- 11.4 Behovskartlegging skal ligge til grunn for tenestetilbod til den enkelte.
- 11.5 Tenestene skal vere kjenneteikna av systematisk og fortløpande kartlegging og oppfølging.

12 Lom kommune skal vere kjenneteikna av samanhengande tenester.

- 12.1 Familiar og pårørande skal få støtte og avlasting, og tenester skal byggast rundt familien.
- 12.2 Tenestetilboden skal kjenneteiknast av kontinuitet, og tenestemottakarar skal ha færrast mogleg å forhalde seg til.
- 12.3 Samarbeid og koordinerte prosessar skal kjenneteikne tenestetilboden.
- 12.4 Kommunen skal legge til rette for gode overgangar mellom tenestenivå og -tilbod internt i kommunen.
- 12.5 Det skal vere velfungerande overgangar mellom kommunen og andre tenesteytarar.





Feiring av DNT sitt 150-årsjubileum. Gjendebu, juli 2021. Foto: Lom kommune

Arealstrategi

Om arealstrategi


Kommunane er anbefalt å utarbeide ein arealstrategi i tilknyting til kommuneplanens samfunnsdel. Gjennom ein arealstrategi kan kommunen fastsette ein del overordna rammer som skal ligge til grunn i arbeidet med kommuneplanens arealdel. Arealstrategien blir dermed ei strategisk avklaring av kva areal kommunen ønskjer å nytte i framtida og korleis ein ønskjer å nytte dei. Eit viktig argument for ein slik arbeidsmåte er å sikre ei betre politisk styring av arealbruken, og gjere planprosessen for arealdelen meir føreseieleg.

Arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel og arealdel har frå 2021 gått parallelt, men ikkje som ein sams prosess, av di revideringa av arealdelen starta langt tidlegare enn revideringa av samfunnsdelen.

Arealstrategien tek for seg nokre få utvalde punkt som framstår som særskilt viktige for Lom.

Lom kommune skal

- legge til rette for bustadbygging på Fossbergom, i Garmo og i grenlene ellers, tilpassa ulike bustadtyper og målgrupper.
- fortsette arbeidet med å trygge trafikkforholda, med trygge skulevegar og gang- og sykkelvegar.
- arbeide for etablering og tilrettelegging av næringsområde.
- arbeide for at dyrka mark ikkje blir omdisponert til andre føremål.
- arbeide for å redusere endringar av arealbruk som vil føre til tap av naturmangfald.
- arbeide for å unngå utbygging på areal med store karbonlager, til dømes myr



Vegen vidare

Handlings- og økonomiplan

I Lom kommune er samfunnsplanen sin handlingsdel og økonomiplanen eitt felles dokument, kalla handlings- og økonomiplan. Der kommuneplanen sin samfunnsdel skal vere overordna og langsigktig, går handlings- og økonomiplanen i detaljer og skal vere konkret på prioriteringar og oppgåver i eit kortare perspektiv. Handlings- og økonomiplanen har eit fireårsperspektiv og er til politisk behandling årleg. Det fyrste året i handlings- og økonomiplanen er kommunen sitt årsbudsjett.

Revidering

Jamfør plan- og bygningslova skal ein minst kvart fjerde år vurdere om kommuneplanen skal reviderast.

Korleis lykkast vi?

For å lykkast med måla som er sett i kommuneplanen, er samarbeid og bevisstgjering kanskje dei aller viktigaste stikkorda. I dette så ligg det at kommuneplanen jamleg må vere tema i politiske forum så vel som i administrasjonen.

Vi må vere trygge på at måla vi har sett oss er dei måla vi skal jobbe mot. Ikkje minst må vi vere gode på å ta jamlege gjennomgangar og drøftingar av plandokumentet, både for å halde kjennskapen til planen ved like og for å rette på kursem dersom vi ser at dette er naudsynt. Å bruke etablerte politiske forum til dette vil vere viktig og nyttig, eksempelvis kommunestyret si årlege dialogkonferanse.

Forbetrings- og utviklingsarbeid stiller nye krav til kompetansen i organisasjonen og korleis det blir jobba. Vi må lytte til kvarandre, stille spørsmål, tenkje løysingar saman og gje rom for å prøve og feile.

Med utgangspunkt i samfunnsplanen må vi gå frå visjonar og mål til handling. For å lykkast med dette må vi prioritere, og som lokalsamfunn vere samordna i den vidare utviklinga av Lom kommune.

Medverknad

Vi har trua på at god medverknad aukar sjansane for at planen blir eit bruksdokument som fleire i organisasjonen kjenner til og vil sjå til. For å oppnå god forankring i kommuneorganisasjonen har vi jobba breidt både politisk og administrativt. Både kommunestyre og administrasjonsutvalet har delteke i arbeidet med ulike problemstillingar. I administrasjonen har både den administrative leiargruppa og tenesteleiarar hatt drøftingar og bidrige med innspel.

Verdien av planen blir redusert dersom ein ikkje involverer resten av lokalsamfunnet også. Derfor har vi ved fleire anledningar brukt gruppearbeid og kafedialog for å involvere lomssamfunnet. Loar skule har hatt gruppearbeid. Det har også lag og organisasjonar og tredje steg

på studiespesialiserande på vidaregående skule.

På nettsida til kommunen har vi hatt mindre spørreundersøkingar som alle kunne svare på anonymt. Vi har også drege nytte av spørreundersøkingar som er gjennomført i andre samanhengar enn kommuneplanarbeidet, til barn og unge og næringslivet.

I plandokumentet her er nokre av sitata frå deltakarar på medverknadsarenaene våre attgjeve.



Kafedialog med Loar skule. Foto: Anne Silje Berg

Rammene rundt

Nasjonale og regionale rammer

Til grunn for planarbeidet ligg Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023. Her formidlar regjeringa kva som er den nasjonalt prioriterte politikken som også kommunane skal sjå til i sitt plan- og utviklingsarbeid. Fire utfordringar er vektlagt:

- Å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- Å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg forvaltning av ressursane
- Å skape eit sosialt berekraftig samfunn
- Å skape eit trygt samfunn for alle

Innhaldet i nasjonale og regionale retningsliner og planar skal takast omsyn til når kommunane arbeider fram sine planar for kommunen si framtid

som tenesteleverandør, samfunnsutviklar og ressursforvaltar. Andre nasjonale retningsliner som har lege til grunn for planarbeidet er knytt til barn og planlegging, nasjonal jordvernstrategi, klima- og energiplanlegging og klimatilpassing, og for bustad-, areal- og transportplanlegging.

Lokale føringer

Framtidas Lom byr på både moglegheiter og utfordringer. For å ha god oversikt over tilhøva i dag og kva behov vi har i framtida, ser vi mellom anna til undersøkingar og kartleggingar. Sentralt her er kommunebilda som statsforvaltaren kvart år utarbeider for kvar kommune. Basert på kommunebildet blir det gjort opp status på

fagområda oppvekst, rus og psykisk helse, samfunnstryggleik med meir. Slik får kommunen eit godt bilde av kvar situasjonen er vurdert som god og trygg og på kva ansvarsområde kommunen ikkje leverer godt nok.

Folkehelsearbeid skal mellom anna fremje helse og trivnad i befolkninga og førebygge sjukdom. Da er det naudsynt med oversikt over helsetilstanden i befolkninga. Ein skriftleg rapport om folkehelse er lovpålagd og skal utarbeidast kvar fjerde år. I tillegg skal kommunen ha løpende oversikt. Folkehelseoversikta er viktig for å vise kvar og korleis kommunen især skal prioritere sine ressursar.

Klimaprofilane som er utarbeidd for Lom ligg til grunn for utarbeiding av kommuneplanen og er ei viktig framskriving å sjå til i planarbeidet.

Kommunen har også sett til anna forsking og lokale erfaringar i utarbeidingsa av planen.

Innhaldet i nasjonale og regionale retningsliner og planar skal takast omsyn til når kommunane arbeider fram sine planar for kommunen sin samfunnstryggleik med meir.



Utsikt mot Nordsæтрin og Koppe. Foto: Anne Silje Berg